

Gunnhild Vassbø

# Ørsdalen skule



*Dette skulehuset vart bygd i 1917 etter at det første skulehuset, som stod på Hovland, brann.  
Skulehuset vart plassert nedafor brua, ved sida av vegen til Vassbø,  
og stod her til den nye skulen kom i 1978.*




*Skulehuset sett fra sørsida kor skuleplassen var.*

## Ørsdalen omgang-skulekrets



Ørsdalen var ikkje mellom dei første av skulekrinsane i Bjerkreim som fekk skulehus. Bygda låg avsides til, utan vegsamband, og så var krinsen svært stor i utstrekning. Både Austrumdal, Grøtteland, Homme, Kvitlen, Brattebø, Bjordal og Austdal høyrde til Ørsdalen, og det vart altfor lang skuleveg for borna. Det var også vanskeleg å få tak i lærarar til omgangsskulen. Litl-Ola Vassbø som var fødd i 1853 hadde 15 lærarar den tid han gjekk på skulen, endå han berre gjekk 4 eller 6 veker kvart år.

## Den første faste skulen i Ørsdalen



I 1891 kom det framlegg frå skulestyret om å byggja skulehus i Ørsdalen, men dette gjekk krinsmøtet i mot. Året etter kom det teikningar som dei skulle vurdere, men dei gjekk dei og i mot, for dei ville ha skulehus med lærerbustad i. Kunne dei få det, skulle dei transportera materialar gratis over vatnet, men elles nekta dei alt. Det vart likevel bygt skulehus utan lærerbustad i 1893, og då vart det spørsmål om ørsdølane sjølve kunne skaffa pultar, kateter og omn, men dette vart avslege.

Hausten 1893 vart det nye skulehuset i Ørsdalen tatt i bruk. Det låg på Hovland, omtrent der det nye ligg no, for det var ”midt i dalen”, slik at alle fekk nokonlunde like lang skuleveg. Lærarbustaden dei kjempa for fekk dei ikkje før omkring 1915. Då kjøpte kommunen eit lite hus på Vassbø av Ole Andreas Eg som hadde vore maskinist på båten Lillegut. Kommunen kjøpte og 15 dekar jord til huset, i von om at lærarane skulle bli verande lenger dersom dei kunne driva litt jordbruk ved sida av. Det var vanskeleg å få lærarane til å vera lenge i ei så avsides bygd.



*Lærarbustaden.*

Den første læraren på Ørsdalen skule var Gitle Birkrem. Han hadde vore omgangsskulelærer i krinsen, og var i det nye skulehuset i 1 år. Seinare vart det mykje skifte av lærarar. Vi veit at Åsulv Tveit frå Drangedal var lærar her i 1920-åra. Han måtte i militærteneste, og søstera Astrid kom som vikar for han. Ho vart gift med Anders Vassbø, og var lærar i fleire år. Ein annan lærar som var der lenge, var Nils Molde. Han hadde blitzutstyr og tok mange bilete av folk i dalen. Trygve Fuglestad var og lærar i Ørsdalen i 5 år på 1930-talet.

## Skulehuset brann og vart oppført på andre sida av elva

I 1916 brann skulehuset på Hovland. Det nye vart bygt på andre sida av elva, litt nedafor brua. Medan dei bygde det nye skulehuset, brukte dei eit gammalt bustadhus på Høyland til skule. Nyskulen vart teken i bruk i desember 1917.

Etterkvart vart skulen i Ørsdalen 2-delt, og storskulen og småskulen gjekk annankvar dag. Frå 1916 gjekk dei store 18 veker i året, og dei små gjekk 16 veker. Dette året var det 17 elevar i storskulen og 14 i småskulen. Men elevtalet varierte mykje, for på denne tida var det gruvedrift i Ørsdalen, og familiar flytte frå og til etter kvar det var arbeid å få. Under 2. verdskrigen var det fleire familiar som evakuerte frå Stavanger til Ørsdalen, og barnetalet på skulen vart høgare. Men desse flytte jo heim att, og barnetalet gjekk stadig nedover.

I 1958 var det berre 9 elevar, og då kunne ikkje skulen vera todelt. Det tydde halv lærarjobb i Ørsdalen, og den vart kombinert med halv jobb i 1. og 2. klasse på Vikeså. Skulestyret tilsette Gunnhild Lien frå Valle i jobben. Ho var student, og budde i lærarbustaden i Ørsdalen annakvar veke, og den andre veka på hybel på Vikeså. Målfrid Frøyland som hadde vore i Ørsdalen i fleire år, var på Bjerkreim skule dette året, og flytte oppatt året etter, for då vart skulen todelt att.





*Ørdsalen skule 1958 – 59*

*Første rekke f. v.: Inger Anne vassbø, Torill Hovland, Hans Hovland, Ole Gabriel Espeland*

*2. rekke f. v.: Rannveig Hovland, Torbjørn Vassbø, Lars Anders Vassbø.*

*Bak f. v.: Otto Vassbø, Alf Vassbø*

## Lærarer dei siste åra

Hausten 1967 kom det ein student frå Stange på Hedmark som skulle vera lærar. Men ho var vand med flatt landskap og vidt utsyn, så ho greidde ikkje bu mellom tronge fjell i Ørdsalen. I oktober reiste ho heim, og Gunnhild Lien, som no hadde flytt til Ørdsalen, og fått namnet Vassbø, tok over lærarjobben resten av året.

Men i 1970 kom det ei ny gardkone til Vassbø, Lisebeth, fødd Hegelstad, og ho var lærar. No fekk Ørdsalen stabil, utdanna lærar i mange år framover. Timetalet i skulen auka, og der vart delingstimar som Gunnhild Vassbø tok seg av. Det var jo berre eit klasserom i skulehuset, men der var eit lite lagerrom som gjorde teneste som grupperom. No var det innlagt straum og vatn, men det var utedo så lenge skulehuset var i bruk. Leikeplassen var ikkje planert eller tillaga, men ungane fann alltid på noko å halda på med. Om vinteren hadde dei ski eller kjelke, og der var lite trafikk, så dei kunne renna i bakken ned til vegen. Var det is på elva, kom skeisene fram. Om sommaren leika dei ”Tikken” eller ”Slå på ringen”.

Skulehuset vart og bruka som forsamlingshus. Der var religiøse møte, basarar og andre samlingar. Og det var læraren si oppgåve å laga til juletreffest! Seinare kom Frelsesarmeen og. Då var det stappfullt på skulen, for dei hadde med posar med bollar og ”S-ar” med sukker på.

Tidene kravde etterkvart betre plass og betre utstyr på skulane. Vi fekk og innført ni-årig skule i Bjerkreim. Dei første åra fekk elevane frå Ørdsalen lov til å gå 7. klasse der, sidan dei ikkje kunne kjørast fram og tilbake kvar dag. Men så vart det kjøpt inn ein hurtiggåande motorbåt som kjørde ungdomsskuleelevane, så då vart det enklare å koma heim. Men det hende at det var slikt uver at dei måtte hentast med den store båten.



*Kaia på Vassbø i 1959, med den einaste bilen i Ørdsalen på den tida, og «Ørdsølen» ved kaia.*

## Det trengst ny skule i Ørdsalen

Ved skulen i Ørdsalen hadde det i 1965 blitt bygt nytt uthus. Det var betre enn det gamle, men det var framleis utedo. Lisebeth Vassbø fortalde at omkring 1973 var det ein ny distriktslege som var på besøk på skulen, og han ville sjå sanitæranlegget. "Slik kan vi ikkje ha det", var hans kommentar. Det var også mykje mus i skulehuset. Så etterkvart fekk tanken om nytt skulehus fotteste. Lars Ramsli var skulesjef i Bjerkreim då, og han var "arkitekten" bak det nye bygget. Han hadde ideen om eit fleirbruksbygg med rom både til skule, kapell og grendehus, og slik vart det. Tor Vassbø var leiar i byggekomiteen, og klokkar Lars Apeland var representant frå kyrkja. No skulle endeleg Ørdsalen få kapell, noko som dei hadde drøymt om heilt sidan kyrkjegarden kom i 1892.

Det nye skulehuset skulle liggja på Hovland, omtrent der den første skulen i Ørdsalen var. Det vart eit fint og tenleg bygg, både for skulen og kyrkja. Det vart innvigd 17. august 1978 av skuledirektør Lars Beite og biskop Sigurd Lunde. Den nye skulen har alt ein skule treng ; klasserom, mediatek, lærarrom, handarbeidsrom, gymnastikksal, dusjar og toalett. Gymnastikksalen er vigsla som kapell, med todelt scene der alt det sakrale er gøymt bak ein foldevegg. Det var som ein draum, både for elevlar og lærarar.



*Framme f. v.: Kåre Bjordal, Tore Vassbø, Ellen Vassbø, Morten Vassbø  
Bak frå venstre: Reidun Anita Vassbø, Ingveig Bjordal, Jon Arvid Vassbø, Hilde Vassbø  
Biletet er frå 1979*

Ørdsalen hadde no fått veg i 1974, og ungdomsskuleelevane blei kjørde til Vikeså. For å sleppa den lange bussturen kvar dag, skulle dei no gå ein dag i veka i Ørdsalen. Men elevane likte det ikkje. Dei fekk ikkje med seg alt som hende på Vikeså, og kjende seg utanfor. Så det vart berre dette eine året.

I 1979 ønskte Lisebeth Vassbø å trappa ned, og det kom ny hovudlærer i Ørdsalen. Han heitte Magnus Folgerø, og vart verande i Ørdsalen i 11 år, heilt fram til 1990. Då var dessverre barnetalet på veg ned att. Hausten 1990 ville det berre vore 4 elevar på skulen, og året etter hadde det berre blitt 2, så ein måtte då leggja ned skulen. Då var ei 97 år lang skulesoge slutt. Ørdsalen skule har hatt tre ulike skulehus, og mange, mange lærarar. Men dei har framleis eit godt og tenleg kapell og grendehus som er til nytte og glede for ørdsølane.

## Skule, kapell og grendahus



*Den nye skulen frå 1978*



*Lærer Magnus Folgerø med f.v.: Gunnstein Vassbø, Tone Rigmor Hovland*



*Den todelte scenen der alt det sakrale blir gøymt bak ein foldevegg (sees på høgre sida).*



*Juletrefest i Ørsdalen kapell. Framme frå venstre: Espen Hovland, Geir Helland, Henning Hovland, Ragnhild Hovland, Solveig Vassbø, Tone Rigmor Hovland. Bak: Oddny Vassbø*



*Siste norsktimen i Ørsdalen. F.v.: Solveig Vassbø, lærar Lisbeth Vassbø, Ragnild Hovland.*

Aaland Gård, april 2013  
Paul Tengesdal